

Send oss lesarbilete.

31.01.2015



Vårn på Eik april 2014. Foto: Øystein Enæs.

Det er no 3 veker sidan vi la om nettsida og starta med spalta Lesarbilete. Vi er storveis fornøgd med responsen frå lesarane. Til no har vi presentert vel 20 bilete frå 13 ulike bidragsytarar i spalta. Vi håpar framhaldet vert like bra, og at lesarane er aktive også framover.



Fotballkamp på Heio 1966. Foto: Harald Sætre

Vi har også fått svært gode tilbakemeldingar på spalta. Mange kosar seg tydelegvis med desse bileta frå lesarane. Det er nemleg lesarane som styrer innhaldet i denne spalta.

Til no har det sikra god variassjon i innhaldet. Det har vore flotte naturbilete, dagsaktuelle bilete, bilete frå hendingar tilbake i tid som set fart på minnene, bilete som får oss till å nikka gjenkjennande til yngre utgåver av personar og så vidare. Vi trur og håpar det vert slik framover og. Derfor oppfordrar vi til innsending av bilete til:

- Hans O. Østebø, epost: uskedal.utvikling@knett.no

- Anita Enæs, epost: anita.enes@knett.no
- Thor Inge Døssland, epost: thordossland@hotmail.com

Bileta de ser her, er eit utval av dei bileta som har vore vist til no. De kan sjå alle bileta ved å først klikka på Lesarbilete oppe til høgre på framsida, og deretter klikka på dei ulike bilettitlane.



Uskedal Musikklag på NU-stemna 1973. Foto: Svein A. Sunde



Vakker solnedgang sett frå Halsane. Foto: Einar Gjertsen

Tekst og nett: Thor Inge Døssland